

10 nye tonn kalk spreidd i vassdraget

10.08.2011



Trio klar for jobb i uskedalen: Mats Widgren, Henrik Svensson og Mattias Lindh (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kalkinga har vore avgjerande for den gunstige utviklinga av fiskebestanden i Uskedalselva og i dag har vassdraget fått ein ny dose på 10 tonn frå lufta. Den er eit årleg supplement til det som kjem frå doseraren i Børsdalen. Airlift gjorde jobben i år som før og også denne gongen var eit tremannsteam frå Hudiksvall-basen i Sverige i aksjon.



Airlift i arbeid over Uskedalen i dag (Foto: Kåre Vetthus)

Pilot Mats Widgren frå Bodø og bakkemannskapet Henrik Svensson og Mattias Lindh frå Hudiksvall jobba raskt og effektivt og dumpa 3 tonn i Limovnen før dei spreidde 7 tonn frå Friheim og nedover i hovudvassdraget. Heile jobben tok ein god time.

Eit imponerende teknisk apparat er utvikla som gjer lastinga rask og rasjonell. Før måtte dei ha ein ekstra lastebil, men det er det ikkje trong for lenger. I kvar vending tek dei eitt tonn.

Teamet som skal vera 4-5 dagar i Noreg denne gongen kom frå jobb i Ølen og drog vidare til Nesflaten. På den neste staden venta ein større jobb - spreiding av 108 tonn som kan ta opptil 6 timar men som er avheng av vertilhøva.

Basen i Hudiksvall har spesialisert seg på landbruk i Norden.

Det betyr spreiding av kalk og skog-gjødsling i Noreg og Sverige og spreiding av oske i Finland. Finnane fjernar vegetasjonen så grundig at dei treng oska for å liva han opp att.

Pilot Mats er snart veteran - no har han vore i lufta i 16 år og hatt jobbar over store delar av Europa. Det mest fjerntliggjande oppdraget hans har vore eit rally i Hellas.

- Det er ein avvekslande jobb som aldri vert kjei, seier piloten, som aldri har vore utsett for noko dramatisk. Men det som skjedde i Kinsarvik for stutt tid siden gjorde sjølvstøtt eit djupt inntrykk. Helikopteret som gjekk i bakken der var også eit Eurokopter, samme typen som Mats flyg..

Av Ola Matti Mathisen